



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Christian Johan Alstad, 5557 2112

Vår dato
12.10.2016
Dykkar dato
03.10.2016

Vår referanse
2016/12861 421.3
Dykkar referanse
16/1342

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Lindås - Gnr 99 bnr 4 - Våge - Dispensasjon for oppføring av bustad, sekundærbustad, veg og uthus

Vi viser til brev av 03.10.2016, dykkar ref. 16/1342-16/13245, med uttalefrist 03.11.2016.

Saka gjeld søknad om dispensasjon for riving av eksisterande bygninger samt oppføring av bustad, sekundærbustad, veg og uthus, på gnr. 99 bnr. 4 på Våge.

Vurdering

Kommunen kan ikkje gje dispensasjon dersom omsyna bak føremålet området er avsett til i gjeldande arealplan, eller omsyna i føremålsparagrafen pbl. § 1-1, vert sett vesentleg til side, jf. pbl. § 19-2. I tillegg må fordelane med å gje dispensasjon vere klart større enn ulempene etter ei samla vurdering.

Jordressursane på eigedomen, der nye bustadbygg er planlagt, er registrert som innmarksbeite av Norsk institutt for skog og landskap. Omdisponering av dyrka mark må søkjast om etter jordlova § 9.

Jordvern og jordressursar er eit omsyn som skal leggjast vekt på også i søknader etter plan- og bygningslova, jf. pbl. § 3-1 bokstav b. Fylkesmannen ser generelt negativt på at dyrka mark vert planlagt nedbygd utan at vesentlege samfunnsinteresser tilseier det. Vi kan ikkje sjå at kommunen har vurdert om alternative lokaliseringar av bustadene som kan vere mindre konfliktfullt for landbruksinteressene.

Fylkesmannen er elles nøgd med at det landbrukseigedomar vert tekne i bruk til landbruksføremål. Vi rår difor til at kommunen vurderer løysingar som er mindre konfliktfylte for landbruksverdiane. Det kan t.d. stillast vilkår om at arealet ved bygningane som er søkt rive skal førast attende til innmarksbeite.

Med helsing

Arve Meidell
seksjonsleiar

Christian Johan Alstad
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

